



Unge vinnarar: Mari Mehl Willumsen, Katrine Olsen, Alexander Rebaudo og Fridtjof Lyse Falk.

Eit lag med 4 18-åringar som kalla seg Klaseskilje vann klart quiz nummer 3 på Systrene Nilsen idenne sommarsesongen. Etter ein sterk innsats gjennom alle rundene vann dei med 60 poeng, som var 6 poengs margin til Sikkert Sisters medan Sundvikvegen vart nummer 3 med 46 poeng.

Dei 3 laga fekk pengepremiar på 650, 350 og 250 kroner.

Etter at berre 3 og 5 lag var med i dei første 2 rundene, stilte det denne gongen 8 og det må vera grunn til å håpa på at quizen er på tur mot "påske-høgder" etterkvart.

Då var dei heilt oppe i 19 deltakande lag.

Dei andre laga plasserte seg slik:

4. Medvitsløyso 42
5. Flyttefolket 39
6. Permisjonsjegerne 37
7. King Kerry 31
8. Undulatane 21

Verten sjølv, Morten Nilsen, leia arrangementet denne gongen og hadde eit opplegg som skilte seg noko frå det som har vore vanleg i det siste. Ein markant skilnad var at det denne gongen ikkje var spørsmål om korkje sport eller musikk og geografien var relativt enkel, men spørsmåla hadde generelt den nødvendige vanskegrad til å kunne skilja klinten frå kveiten.

Til gjengjeld hadde leiaren ein heil bolk om valuta i ymse land og avslutta med den ofte utslagsgjevande TI-aren der Dalai Lama ikkje uventa var spørje-objekt.

Fleire spørsmål var lokale og aktuelle: Eitt var om denne nettavis og eit anna om den staselege nederlandske båten som ligg utanfor i hamna denne kvelden.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen